



Stranda kommune

Staben

Saksbehandlar: Andrea Fivelstad

Melding om vedtak

Kommunestyret

Vår ref.:

2021000357- 25

Dykkar ref.:

Arkiv:

K1 - 150

Dato:

16.11.2021

Uttale frå ungdomsrådet - Stranda kommune - Budsjett 2022/Økonomiplan 2022 - 2025

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

16.11.2021 UNGDOMSRÅD 021/21

Ungdomsrådet har slik uttale til budsjett 2022/Økonomiplan 2022-2025:

- Auka satsing på ungdom i form av fleire sosiale møteplassar opne for alle, som kan samle ungdom frå fleire av bygdelaga og på tvers av alderstrinna.

- Fortsatt styrking av seksualopplæringa, med fokus på t.d. grensesetting allereie i barnehagen, samt større fokus på t.d. seksuell identitet, nyting o.a. på mellomtrinn og oppover. Det er viktig å sørge for at seksualopplæring skjer i trygge undervisningssettingar.

- Betre informasjon om helsestasjon for ungdom i alle bygdelaga og på alle skulane, samt sikre gode nok opningstider til å dekke behovet (t.d. opent etter skuletid). Gjere det mogleg å kunne lage avtale med helsesøster for individuell timebestilling etter skuletid. Det er ønskeleg med ein psykiatrisk sykepleiar både på skulene og på helsestasjonen.

- Fleirbrukshall og sykkelbane bør inn i Økonomiplanen 2022-2025.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Andrea Fivelstad
Økonomisjef

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.